

## Møteprotokoll for Bjørgvin bispedømeråd

Møtedato: 27. – 28. januar 2016

Møtestad: Bjørnefjorden gjestetun, Os

Møtetid: 27. januar: 15:30 – 18:00 og 28. januar: 13:00 – 15:00

### Møtedeltakarar

Nora Sætre Baartvedt  
Karl Johan Kirkebø  
Vemund Atle Øiestad  
Inger Helene Thingvold Nordeide  
Marius Økland  
Berit Nøst Dale  
Ida Lindøe  
Beate Husa  
Ivar Braut  
Halvor Nordhaug

Forfall meld frå følgande medlem

Halvor Nordhaug (28.01.16)

Ivar Braut (28.01.16)

Følgande varamedlem møtte

Jan Otto Myrseth (28.01.16)

Gunnar Mindestrømmen (28.01.16)

### Saksliste

001/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

002/16 Godkjenning av møtebok

003/16 Konstituering av nytt bispedømeråd

004/16 Forslag til leiarkandidatar og medlemmar til Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg Råd og Samisk kyrkjeråd samt komitédeltaking under Kyrkjemøtet for bispedømerådets medlemmar

005/16 Møteplan BBDR 2016 og vår 2017

006/16 Årsplan Bjørgvin bispedømeråd 2016

007/16 Klimamelding for Bjørgvin bispedøme

008/16 Tilsetting - Kapellan i Åsane prosti med Salhus sokn som tenestestad Ikkje offentleg

009/16 Rekneskap 2015

010/16 Budsjett 2016

011/16 Nye medlemmer til representantskapet i Haraldsplass diakonale stiftelse

015/16 Oppnemning av medlemmar til representantskap Kirkens SOS

013/16 Orienteringar

----

#### **001/16: Godkjenning av innkalling og saksliste**

Behandling:

Saker som inneheld opplysningar som er underlagd teieplikt, vert handsama for lukka dører, jf. Offentleglova § 13 jf. forvaltningsloven § 13. Dette gjeld alle tilsettingssaker, jf. Offl. § 25.

Spørsmål om ei sak skal vere underlagd teieplikt, vert også handsama for lukka dører.

Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Følgjande saker vert handsama for lukka dører: 08/16

---

#### **002/16: Godkjenning av møtebok**

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

---

#### **003/16: Konstituering av nytt bispedømeråd**

Vedtak:

Etter skriftleg val er

Inger Helene T Nordeide vald til leiar for Bjørgvin bispedømeråd for to år.

Karl Johan Kirkebø vald til nestleiar for Bjørgvin bispedømeråd for to år.

---

#### **004/16: Forslag til leiarkandidatar og medlemmar til Kyrkjerådet, Mellomkyrkjeleg Råd og Samisk kyrkjeråd samt komitédeltaking under Kyrkjemøtet for bispedømerådets medlemmar**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd har i møte kome med følgjande vedtak på sak om forslag leiarkandidatar og medlemmar til Kyrkjerådet. Det same gjeld medlemmar til Mellomkyrkjeleg Råd og Samisk kyrkjeråd, samt deltaking i komitear i Kyrkjemøtet:

**Leke kandidatar til Kyrkjerådet:**

1. Karl Johan Kirkebø
2. Beate Husa
3. Ida Lindøe
4. Vemund Atle Øiestad

**Forslag til leiarkandidat Kyrkjerådet:**

Harald Hegstad

**Kandidatar til Mellomkyrkjeleg råd:**

1. Berit Nøst Dale
2. Nora Sætre Baartvedt

**Val av Komité:**

Ivar Braut - komité A, sekundært D

Vemund Øiestad - komité C, sekundært E

Ida Lindøe - komité F, sekundært B

Karl Johan Kirkebø - komité D, sekundært C

Beate Husa - komité D, sekundært C

Marius Økland - komité B, sekundært E

Berit N Dale - komité F, sekundært B

Nora S Baartvedt - komité A, sekundært B

Inger Helene Thingvold Nordeide - komité B, sekundært E

---

**005/16: Møteplan BBDR 2016 og vår 2017**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømmeråd vedtok møteplan for 2016 og våren 2017:

Os, 27.-28. januar 2016

Trondheim 5.-6 april 2016

Trondheim 6.-12 april 2016 – Kyrkjemøte

Bergen 19.april 2016

Bergen 13.juni 2016

Bergen 20. september 2016

Bergen 24. november 2016

Bergen 11. januar 2107

Trondheim 25.januar – 1. februar 2107

Bergen 20. februar 2017

Bergen 5. mars – Bispedømemøte

Bergen 3. april 2017

Bergen 23.mai 2017

---

### **006/16: Årsplan Bjørgvin bispedømeråd 2016**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd vedtek Årsplan 2016 slik den ligg føre.

---

### **007/16: Klimamelding for Bjørgvin bispedøme**

Vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd sluttar seg til Kyrkjerrådet sin «Samhandlingsplan for klima, miljø og bærekraft 2015-2030» (KR 06/15).
2. Bjørgvin bispedømeråd vil arbeide vidare med dei punkta i planen som særleg vedkjem bispedøma:
  - a. Dialog med fellesråda og prostia. Bispedømerådet vil invitere prostia og kyrkjeleg fellesråd til dialog, tilslutning og samhandling om klimameldinga.
  - b. Kritisk fokus på eiga reiseverksemd. Bispedømerådet vil redusere bruken av flyreiser for dei tilsette ved bispedømerådet, og be prestane som er tilsette i bispedømet gå kritisk gjennom eigen bilbruk med sikte på utsleppsreduksjon.
  - c. Bruk av videokonferansar. Bispedømerådet vil auke bruken av videokonferansar som erstattar reiser til møte.
  - d. Etterspørje lokalt engasjement på feltet. Bispedømerådet oppmodar biskopen til å etterspørje temaet i visitasmeldingane, og så langt råd er følgje det opp ved sjølve visitasane. Like eins å ta opp temaet i møte med prostane. Sokna vert bedne om å innarbeide tematikken i sine planar og rapporteringar, særleg med omsyn til «Grøn kyrkjelyd», Miljøfyrtårn og Fairtrade.
  - e. Etablere og synleggjere bispedømet sin ansvarlege kontaktperson på området. Bispedømerådet vil syte for at ein tilsett er koordinerande kontaktperson for området, synleggjere kontaktpersonen og syte for naudsynt struktur og handlingsrom kring tenesta.
  - f. Etablere og drifte ei ressursgruppe. Bispedømerådet vil syte for ei ressursgruppe, som samarbeider tett med den ansvarlege kontaktpersonen på området.

- g. Motivere, rettleie og samordne kyrkjelydane og fellesråda. Bispedømerådet vil, særleg gjennom den ansvarlege kontaktpersonen og dei grøne prostikontaktane, motivere og rettleie kyrkjelydane og fellesråda i deira miljøengasjement. Dette skal skje i samråd og samarbeid med prostane og kyrkjevevjerjane.
  - h. Etablere og pleie kontakt med Kyrkjerådet og sentrale samarbeidspartnarar. Bispedømerådet vil vidareføre den gode kontakten med Kyrkjerådet i saka og oppretthalde kontakten med etablerte samarbeidspartnarar. Sokneråda, fellesråda og dei grøne prostikontaktane vert oppmoda til å søkje naturlege samarbeidspartnarar lokalt.
  - i. Konkrete mål for utsleppsreduksjon. Bispedømerådet vil arbeide for å auke talet på «Grøne kyrkjelydar», Miljøfyrtårn og Fairtrade-kyrkjelydar. Når dei konkrete måla for bispedøma sin utsleppsreduksjon ligg føre frå Kyrkjerådet, vil Bispedømerådet følgje opp desse så langt råd er.
3. Bjørgvin bispedømeråd ber administrasjonen legge fram eit framlegg til korleis bispedømekontoret sitt klimaengasjement skal organiserast, særleg med omsyn til ansvarleg kontaktperson, ressursgruppe, økonomi, koordinering og integrering i verksemda elles.

---

#### **008/16: Tilsetting - Kapellan i Åsane prosti med Salhus sokn som tenestestad**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tilset på faste vilkår i stillinga som kapellan i Åsane prosti, stillingskode 0922, med Salhus sokn som tenestestad

1. Hanne Kanchan Zimmermann Ølberg
2. Martin Aalen Hunsager

---

#### **009/16: Rekneskap 2015**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tek til vitande økonomirapport for år 2015. Post 01 – drift viser eit nominelt meirforbruk på kr 71 000.

---

#### **010/16: Budsjett 2016**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd vedtar budsjett 2016 for kapittel 0340/3340 post 01 - drift. Budsjettet har ei total ramme på 139 303 000, fordelt på administrasjon med kr 15 603 000, og presteskapet med kr 123 800 000.

---

#### **011/16: Nye medlemmer til representantskapet i Haraldsplass diakonale stiftelse**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd oppnemnde som kandidatar til Haraldsplass diakonale stiftelse sitt representantskap

Biskop Halvor Nordhaug (fast representant)•

Sokneprest Gunnar Kolaas

Pensjonist Øyvind Øy

Sokneprest Hildegunn Isaksen

Sokneprest Peter Rikard Johansen

Vara-representantar:

Prostiprest Gunnar Erstad

Diakon Linda Bårdsen

---

### **015/16: Oppnemning av medlemmar til representantskap Kirkens SOS**

Vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd fattar dette vedtaket om representasjon i Kirkens SOS sitt representantskap:

- Det vert utnemnd 1 fast representant frå Bjørgvin bispedømeråd sin rådsstruktur til representantskapet i Kirkens SOS i Bjørgvin. For perioden 2016 - 2019 er Liv R. Ågotnes Bjørgvin bispedømeråd sin representant i Kirkens SOS sitt representantskap.
- Det vert utnemnd 1 fast representant frå Bjørgvin bispedømeråd sine tilsette til representantskapet i Kirkens SOS i Bjørgvin. For perioden 2016 - 2019 er diakoni- og misjonsrådgjevar Vetle Karlsen Eide Bjørgvin bispedømeråd sin representant i Kirkens SOS sitt representantskap.

---

### **013/16: Orienteringar**

---